Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	983 658 725
Organisasjonsform:	Annet foretak iflg. særsk. lov
Foretaksnavn:	HELSE VEST RHF
Forretningsadresse:	Nådlandsbråtet 40 4034 STAVANGER

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Morselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Ja

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet:	Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Tove Trovatn
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	19.04.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert

År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 28.06.2024

Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Salgsinntekter	2,3	45 480 000	28 503 000
Basisramme	2,3	22 389 690 000	20 892 953 000
Aktivitetsbasert inntekt	2,3	9 859 477 000	9 654 768 000
Anna driftsinntekt	2,3	1 111 918 000	1 231 452 000
Sum inntekter	2,3	**33 406 565 000**	**31 807 676 000**
Kostnader			
Kjøp av helsetjenester	4	32 376 736 000	30 869 002 000
Varekostnad	5	117 361 000	1 000
Lønn- og personalkostnad	6,17	97 376 000	86 391 000
Ordinære avskrivninger	10	790 000	2 410 000
Nedskrivning av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	10	0	0
Andre driftskostnader	7	471 900 000	386 471 000
Sum kostnader	2	**33 064 163 000**	**31 344 275 000**
Driftsresultat		**342 402 000**	**463 401 000**
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt på investering i datterforetak	11	3 556 000	26 207 000
Inntekt på investering i TS og FKV	11	320 000	52 000
Renteinntekt fra foretak i samme konsern	8	206 897 000	65 421 000
Annen renteinntekt	8	116 211 000	55 688 000
Sum finansinntekter		**326 984 000**	**147 368 000**
Resultat TS og FKV	8	169 000	0
Rentekostnad til foretak i samme konsern	8	25 788 000	9 755 000
Annen rentekostnad	8	166 809 000	59 472 000
Annen finanskostnad	8	11 000	6 000
Sum finanskostnader		**192 777 000**	**69 233 000**
Netto finans		**134 207 000**	**78 135 000**
Ordinært resultat før skattekostnad		**476 609 000**	**541 536 000**
Ordinært resultat etter skattekostnad		**476 609 000**	**541 536 000**

Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Årsresultat		**476 609 000**	**541 536 000**
Overføringer og disponeringer			
Overført annen egenkapital	16	476 609 000	541 536 000
Sum overføringer og disponeringer		**476 609 000**	**541 536 000**

Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	10	25 041 000	25 768 000
Medisinsk teknisk utstyr, inventar, transportmidlar o.l.	10	240 000	303 000
Sum varige driftsmidler		**25 281 000**	**26 071 000**
Finansielle anleggsmidler			
Investering i datterselskap	11	12 068 159 000	12 064 603 000
Investeringer i tilknyttet selskap	11	40 408 000	40 257 000
Investering i andre aksjer og parter	11	3 332 000	2 995 000
Andre finansielle anleggsmidler	12	16 316 999 000	12 862 884 000
Pensjonsmidler	17	2 720 000	2 347 000
Sum finansielle anleggsmidler		**28 431 618 000**	**24 973 086 000**
Sum anleggsmidler		**28 456 899 000**	**24 999 157 000**
Omløpsmidler			
Varer			
Varer	13	107 819 000	185 909 000
Sum varer		**107 819 000**	**185 909 000**
Fordringer			
Kundefordringer	14	32 958 000	61 925 000
Andre fordringer	14	399 868 000	477 511 000
Konsernfordringer	14	807 822 000	1 021 148 000
Sum fordringer		**1 240 648 000**	**1 560 584 000**
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter og lignende	15	3 966 472 000	5 507 158 000
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		**3 966 472 000**	**5 507 158 000**
Sum omløpsmidler		**5 314 939 000**	**7 253 651 000**

Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
SUM EIENDELER		**33 771 838 000**	**32 252 808 000**
BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Foretakskapital	16	100 000	100 000
Annen innskutt egenkapital	16	11 415 729 000	11 415 729 000
Sum innskutt egenkapital		**11 415 829 000**	**11 415 829 000**
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	16	5 877 417 000	5 400 808 000
Sum opptjent egenkapital		**5 877 417 000**	**5 400 808 000**
Sum egenkapital		**17 293 246 000**	**16 816 637 000**
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsforpliktelser	17	20 062 000	21 454 000
Andre avsetninger for forpliktelser	18	482 868 000	394 360 000
Sum avsetninger for forpliktelser		**502 930 000**	**415 814 000**
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til Helse- og omsorgsdepartementet	19	13 070 150 000	10 737 396 000
Sum annen langsiktig gjeld		**13 070 150 000**	**10 737 396 000**
Sum langsiktig gjeld		**13 573 080 000**	**11 153 210 000**
Kortsiktig gjeld			
Driftskreditt	20	2 105 000	2 078 000
Leverandørgjeld	20	142 804 000	87 788 000
Skyldige offentlige avgifter	20	30 676 000	22 928 000
Kortsiktig konserngjeld	20,24	2 259 199 000	3 535 356 000
Annen kortsiktig gjeld	20	470 728 000	634 811 000
Sum kortsiktig gjeld		**2 905 512 000**	**4 282 961 000**
Sum gjeld		**16 478 592 000**	**15 436 171 000**

Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		**33 771 838 000**	**32 252 808 000**

Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Salgsinntekter	2,3	433 662 000	365 742 000
Basisramme	2,3	22 389 690 000	20 892 953 000
Aktivitetsbasert inntekt	2,3	10 743 533 000	10 465 041 000
Anna driftsinntekt	2,3	2 030 277 000	1 973 450 000
Sum inntekter		**35 597 162 000**	**33 697 186 000**
Kostnader			
Kjøp av helsetjenester	4	4 655 808 000	4 355 286 000
Varekostnader	5	4 083 395 000	3 931 531 000
Lønn og personalkostnader	6,17	21 538 370 000	20 132 374 000
Ordinære avskrivninger	10	1 429 020 000	1 300 649 000
Nedskrivning av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	10	0	437 000
Annen driftskostnad	7	3 541 594 000	3 172 803 000
Sum kostnader		**35 248 187 000**	**32 893 080 000**
Driftsresultat		**348 975 000**	**804 106 000**
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt på investering tilknyttet selskap	8	320 000	1 004 000
Annen renteinntekt	8	134 250 000	62 421 000
Andre finansinntekter	9	1 826 000	1 419 000
Sum finansinntekter		**136 396 000**	**64 844 000**
Kostnad (underskudd) TS og FKV	8	3 983 000	0
Annen rentekostnad	8	60 695 000	21 968 000
Annen finanskostnad	8	4 017 000	2 396 000
Sum finanskostnader		**68 695 000**	**24 364 000**
Netto finans		**67 701 000**	**40 480 000**
Ordinært resultat før skattekostnad		**416 676 000**	**844 586 000**
Table Control Functionality Skattekostnad på ordinært resultat	9	467 000	-64 000
Ordinært resultat etter skattekostnad		**416 209 000**	**844 650 000**

Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Årsresultat		**416 209 000**	**844 650 000**
Overføringer og disponeringer			
Overført til/frå annan eigenkapital	16	416 209 000	844 650 000
Sum overføringer og disponeringer		**416 209 000**	**844 650 000**

Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Lisenser og programvare	10	1 447 562 000	1 455 856 000
Utsatt skattefordel	9	2 647 000	2 729 000
Goodwill	10	5 380 000	11 380 000
Sum immaterielle eiendeler		**1 455 589 000**	**1 469 965 000**
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	10	12 537 268 000	12 672 064 000
Anlegg under utføring	10	13 089 606 000	9 258 319 000
Medisinsk teknisk utstyr, inventar, transportmidlar o.l.	10	2 721 872 000	2 519 484 000
Sum varige driftsmidler		**28 348 746 000**	**24 449 867 000**
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i tilknyttet selskap	11	12 777 000	16 591 000
Lån til tilknyttet selskap og felles kontrollert virksomhet	11	40 595 000	42 122 000
Investering i felles kontrollert virksomhet	11	40 408 000	40 257 000
Investering i aksjer og parter	11	1 353 523 000	1 266 347 000
Andre langsiktige lån og krav	12	3 007 000	3 007 000
Pensjonsmidler	17	2 649 831 000	2 071 153 000
Sum finansielle anleggsmidler		**4 100 141 000**	**3 439 477 000**
Sum anleggsmidler		**33 904 476 000**	**29 359 309 000**
Omløpsmidler			
Varer			
Varer	13	344 630 000	410 755 000
Sum varer		**344 630 000**	**410 755 000**
Fordringer			
Kundefordringer	14	398 724 000	350 445 000
Andre fordringer	14	928 380 000	878 572 000
Sum fordringer		**1 327 104 000**	**1 229 017 000**
Bankinnskudd, kontanter og lignende			

Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Bankinnskudd, kontanter og lignende	15	4 867 935 000	6 356 579 000
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		**4 867 935 000**	**6 356 579 000**
Sum omløpsmidler		**6 539 669 000**	**7 996 351 000**
SUM EIENDELER		**40 444 145 000**	**37 355 660 000**
BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Foretakskapital	16	100 000	100 000
Annen innskutt egenkapital	16	10 629 564 000	10 629 564 000
Sum innskutt egenkapital		**10 629 664 000**	**10 629 664 000**
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	16	8 110 205 000	7 693 996 000
Sum opptjent egenkapital		**8 110 205 000**	**7 693 996 000**
Sum egenkapital		**18 739 869 000**	**18 323 660 000**
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsforpliktelser	17	128 979 000	113 914 000
Andre avsetninger for forpliktelser	18	1 460 431 000	1 273 378 000
Sum avsetninger for forpliktelser		**1 589 410 000**	**1 387 292 000**
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til Helse- og omsorgsdepartementet	19	13 070 150 000	10 737 396 000
Sum annen langsiktig gjeld		**13 070 150 000**	**10 737 396 000**
Sum langsiktig gjeld		**14 659 560 000**	**12 124 688 000**
Kortsiktig gjeld			
Driftskreditt		2 105 000	2 078 000
Leverandørgjeld	20	1 597 256 000	1 393 196 000
Betalbar skatt	9	109 000	93 000
Skyldige offentlige avgifter		1 582 508 000	1 593 229 000

Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Annen kortsiktig gjeld	20/24	3 862 738 000	3 918 716 000
Sum kortsiktig gjeld		**7 044 716 000**	**6 907 312 000**
Sum gjeld		**21 704 276 000**	**19 032 000 000**
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		**40 444 145 000**	**37 355 660 000**

BDO AS
Luramyrveien 40
Postboks 1107
4391 Sandnes

Melding frå uavhengig revisor

Til føretaksmøtet i Helse Vest RHF

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Helse Vest RHF.

Årsrekneskapen består av:

- Selskapsrekneskapen, som består av balanse per 31. desember 2022, resultatrekneskap, oppstilling over kontantstraumar for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen og notar, inklusive eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp
- Konsernrekneskapen, som består av balanse per 31. desember 2022, resultatrekneskap, oppstilling over kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, inklusive eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav
- Gjev selskapsrekneskapen eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga i selskapet per 31. desember 2022, og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Norge
- Gir konsernrekneskapen eit rettvisande bilete av konsernet Helse Vest RHF si finansielle stilling per 31. desember 2022, og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Norge.

Penneo Dokumentnøkkel: BM7XK-3DFDD-SHZAM-VZTC4-7UH0E-E00KZ

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet, slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inklusive dei internasjonale standardane om habilitet), utgjeve av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmeldinga.Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje annan informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har plikt til å rapportere dersom annan informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på kunnskapen vi har opparbeida oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningar som skal givast i tråd med gjeldande lovkrav.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for nødvendig internkontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om forhold av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare beskriving/omtale av revisor sine oppgåver og plikter visast det til:
https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

BDO AS

Ellen Marie Marvik
statsautorisert revisor
19.04.2023

Penneo Dokumentnøkkel: BM7XK-3DFDD-SHZAM-VZTC4-7UH0E-E00KZ

BDO AS, et norsk aksjeselskap, er deltaker i BDO International Limited, et engelsk selskap med begrenset ansvar, og er en del av det internasjonale nettverket BDO, som består av uavhengige selskaper i de enkelte land. Foretaksregisteret: NO 993 606 650 MVA.

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Ellen Marie Mo Marvik
Partner
På vegne av: BDO AS
Serienummer: 9578-5997-4-628197
IP: 188.95.xxx.xxx
2023-04-21 09:55:21 UTC

bankID

Ellen Marie Mo Marvik
Statsautorisert revisor
På vegne av: BDO AS
Serienummer: 9578-5997-4-628197
IP: 188.95.xxx.xxx
2023-04-21 09:55:21 UTC

bankID

Penneo Dokumentnøkkel: BM7XK-3DFDD-SHZAM-VZTC4-7UH0E-E00KZ

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?
Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - **https://penneo.com/validator**

Helse Vest RHF - Årsberetning 2022

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), signert 23.05.2023 med ID-Porten: BankID
- SOLFRID BORGE (10055945069), signert 15.05.2023 med ID-Porten: BankID
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), signert 12.05.2023 med ID-Porten: BankID
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), signert 16.05.2023 med ID-Porten: BankID
- GUNNAR BERGE (29084044332), signert 17.05.2023 med ID-Porten: BankID
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), signert 16.05.2023 med ID-Porten: BankID
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), signert 15.05.2023 med ID-Porten: BankID Mobil
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), signert 11.05.2023 med ID-Porten: Minid-OTC
- AGNES LANDSTAD (25076236251), signert 12.05.2023 med ID-Porten: BankID
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), signert 12.05.2023 med ID-Porten: BankID

Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer

Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.

Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

Årsberetning 2022

Helse** Vest **RHF har i 2022 løyst hovudoppgåvene, som er å sørgje for pasientbehandling, opplæring av pasientar og pårørande, utdanning av helsepersonell og forsking, i tråd med dei føringane eigar har gitt dei regionale helseføretaka. Helse- og omsorgsdepartementet sine styringskrav for 2022 er følgde opp.

Styret er tilfreds med dette, men peiker på same tid på alvorlege økonomiske utfordringar for sjukehusa – og at ein innan einskilde område må arbeide aktivt for forbetring av kvalitet og resultat.

2022 starta med høgt belegg i sjukehusa og beredskap for covid-19, noko som har prega dei siste åra. Etter eit år stort sett ute av beredskap og innsats for å stabilisere drifta etter pandemiåra, var hausten prega av ein krevjande økonomisk situasjon og på nytt auka merksemd på drifta, når talet på innleggingar knytt til korona, influensa og RS-virus steig mot nyttår igjen.

Pandemien kravde mykje av mange. Sjukehusa må framleis ta høgde for fleire utbrot av covid-19 og merker framleis konsekvensane av pandemien på nokre områder. Til dømes skal ein ha kapasitet til å ta att utgreiing, behandling og oppfølging som har vore utsett. Ein kan òg framleis merke dei økonomiske konsekvensane, både etter pandemien og usikkerheita i verdsøkonomien, som har vore sidan.

Rekneskapen for 2022 viser eit positivt resultat for Helse Vest føretaksgruppe på 416 millionar kroner, 79 millionar kroner lågare enn budsjettert. Resultatet for Helse Vest RHF viser eit overskot på 477 millionar kroner.

Helseføretaka står overfor store økonomiske utfordringar dei kommande åra. Ein kan ikkje forvente at dei økonomiske rammene vil auke i same grad som tidlegare og drifta må tilpassast dette. Ein må vere førebudd på omstilling i åra som kjem, ein må prioritere godt og oppgåver må løysast på nye måtar. Det aller viktigaste no er å få føreseielege rammer, slik at ein kjenner kva ein kan planlegge for dei neste åra.

Utfordringane har vore fleire gjennom året, men føretaksgruppa Helse Vest har også gode resultat å vise til i 2022. Mykje er oppnådd innan styringsmåla og dei ulike oppdraga, og grunnlaget er godt for vidare utvikling.

Styret i Helse Vest RHF vil rette ein stor takk til medarbeidarar i alle helseføretaka – og særleg framheve innsatsen og kompetansen alle bidreg med, kvar dag.

Helse Vest RHF

Helse Vest RHF er eitt av fire regionale helseføretak i landet og har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland og Vestland, og sjukehustilbodet til meir enn ein million innbyggjarar. Helse Vest RHF skal, jamfør spesialisthelsetenestelova, sørgje for at befolkninga i regionen får nødvendige spesialisthelsetenester. Dei lovpålagde hovudoppgåvene til spesialisthelsetenesta er pasientbehandling, forsking, utdanning og opplæring.

I Helse Vest RHF er det om lag 75 medarbeidarar. Kontorstaden til Helse Vest RHF er på Forus i Stavanger.

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av
Posten Norge

Verksemda i Helse Vest RHF omfattar, mellom anna, somatiske sjukehus, institusjonar for psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling, habilitering- og rehabiliteringstenester, laboratorie- og radiologitenester, prehospitale tenester, pasienttransport, naudmeldeteneste, sjukehusapotek og tilhøyrande støttefunksjonar som IKT-tenester og innkjøp.

Per. 31. desember 2022 eig Helse Vest RHF fem helseføretak; Helse Stavanger, Helse Fonna, Helse Bergen, Helse Førde, Sjukehusapoteka Vest, i tillegg til Helse Vest IKT AS. Helse Vest RHF eig, saman med dei andre regionale helseføretaka fem nasjonale helseføretak, dei felleseigde helseføretaka Pasientreiser HF, Sykehusbygg HF, Sykehusinnkjøp HF, Luftambulansetjenesten HF og Helsetjenestens driftsorganisasjon for nødnett HF.

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) fastset mål og forventningar gjennom det årlege oppdragsdokumentet. Basert på oppdragsdokumentet frå HOD og protokoll frå føretaksmøtet i Helse Vest RHF utarbeider Helse Vest eit årleg styringsdokument, som regulerer forholdet mellom det regionale helseføretaket og helseføretaka på Vestlandet. Dokumentet legg føringar for prioriteringar og for kva for oppgåver føretaka skal gjennomføre.

Helse Vest RHF har langsiktige avtaler med sju private ideelle, ikkje-kommersielle sjukehus; Haraldsplass Diakonale Sykehus, Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus, NKS Jæren distriktspsykiatriske senter, Solli distriktspsykiatriske senter, Betanien sykehus, NKS Olavviken alderspsykiatriske sykehus og Voss distriktspsykiatriske senter (NKS Bjørkeli).

Helse Vest RHF hadde per 31. desember 2022 driftsavtalar med 250 avtalespesialistar; 126 innan psykisk helsevern og 124 innan somatikk. Desse fekk driftstilskot frå Helse Vest RHF. I tillegg hadde det regionale helseføretaket avtale med sju private rusinstitusjonar, åtte private rehabiliteringsinstitusjonar og private leverandørar innan kirurgi, røntgen og laboratorium.

Visjon, verdiar og mål

Å fremje helse, meistring og livskvalitet er den overordna visjonen i verksemdstrategien Helse 2035 og underliggjande planar i Helse Vest. Strategien og alle planar skal bidra til å realisere denne visjonen. Helse Vest RHF skal sørgje for gode og likeverdige helsetenester til alle som treng det, når dei treng det. Ein skal utvikle verksemda for å møte framtidige behov og gjere verksemda godt rusta for framtida.

Den regionale utviklingsplanen skal bidra til å realisere visjonen til Helse Vest. Kvart føretak og dei private som har langsiktige avtalar med Helse Vest, har lagt fram sine utviklingsplanar, som heng saman med den regionale. Den regionale utviklingsplanen inneheld fire strategiske hovudtema:

- Pasientar, brukarar og pårørande
- Medarbeidarar og kompetanse
- Samhandling
- Utvikling

I tråd med utviklingsplanen blir den regionale tiltaksplanen revidert. Arbeidet med tiltaksplanen er planlagt ferdig første halvår 2023.

Verdiane i tenesta er:

- Respekt i møte med pasienten
- Kvalitet i prosess og resultat
- Tryggleik for tilgjengelegheit og omsorg

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av
Posten Norge

Felles mål for helseføretaka i Helse Vest er:

- Trygge og nære helsetenester
- God samhandling og effektiv ressursbruk i heile pasientforløpet
- Aktiv pasientdeltaking og heilskapleg behandling
- Ein framtidsretta og innovativ kompetanseorganisasjon

Styringsmål 2022

Dei sentrale styringsmåla for sjukehusa i Noreg var i 2022:

1. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
2. Styrke forsking, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasientsikkerheit
3. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Føretaksgruppa i Helse Vest har definert fem særleg prioriterte område for dei neste åra, som skal støtte opp under å nå styringsmåla, omtala som topp fem risikoområde. Områda er felles og relevante for både det regionale helseføretaket (RHF), helseføretaka (HF) og Helse Vest IKT, der ein skal samarbeide regionalt og styrke delt læring. Områda kjem i tillegg til arbeidet med pandemien, og føretaka kan sjølv leggje til eigne område. Ein legg vekt på at tillitsvalde og medarbeidarar blir involverte.

Dei prioriterte områda er:

1. Legemiddelområdet
2. Vald og truslar mot medarbeidarar
3. IKT og informasjonssikkerheit
4. Ekstern turnover
5. Uønskt variasjon - radiologi og ortopedi

Sjukehusa står overfor store oppgåver, utfordringar og moglegheiter i perioden som kjem. Skal ein nå måla, må spesialisthelsetenesta på Vestlandet arbeide saman. Saman med pasientane, medarbeidarane, primærhelsetenesta, næringsliv og andre samarbeidspartar i helsesektoren skal Helse Vest RHF leggje til rette for å byggje ei framtidsretta og berekraftig helseteneste.

Utvikling av tenesta i ein krevjande økonomisk situasjon

Resultat for 2022 viser eit positivt resultat for Helse Vest føretaksgruppe på 416 millionar kroner, 79 millionar kroner lågare enn budsjettert.

I 2022 var det ein generell pris- og lønsvekst som var langt høgare enn føresetnadene i statsbudsjettet. Dette reduserte realveksten i driftsløyvingane til dei fire regionale helseføretaka for 2022. Hausten 2022 blei det gitt ei ekstra løyving på 477,4 mill. kroner. Løyvinga skulle gje rom for nødvendige investeringar og vedlikehald i 2023 og sette sjukehusa i betre stand til å følgje opp prioriterte grupper, særleg på området psykisk helsevern.

Manglande løns- og prisjustering i 2022 åleine er ei tilleggsutfordring for Helse Vest også i dei kommande åra. Dette kjem i tillegg i til at dei økonomiske konsekvensane etter pandemien ikkje er fullt ut dekka, og det er sett nye krav om effektivisering i helseføretaka. Dei kommande åra er det forventa at helseføretaka skal auke aktiviteten, ventetidene skal bli kortare og psykisk helsevern skal prioriterast.

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av
Posten Norge

Helseføretaka er avhengige av føreseielege økonomiske føresetnadar. I Helse Vest er investeringane i fysisk infrastruktur på historisk høgt nivå. Bygg er viktige føresetnader for både godt arbeidsmiljø og god pasientbehandling. Det er viktig at det blir arbeidd målretta for å få maksimalt ut av dei investeringane som blir gjort. Den stramme økonomiske situasjonen inneber ein risiko for at helseføretaka ikkje kan gjennomføre alle framtidige investeringar som planlagt. Dette gjer det vanskeleg å hente ut alle gevinstane som ligg til grunn for utviklingsplanane, noko som igjen kan generere auka driftskostnadar.

Gitt dei økonomiske utfordringane er det likevel viktig å skjerme viktige område i vesentleg grad. Det skal framleis vere satsing på psykisk helsevern, og kompetansetiltaka for medarbeidarane i sjukehusa må halde fram. Det same gjeld for satsinga på digitalisering, den er drifta i helseføretaka heilt avhengige av.

Mykje ligg til rette for god utvikling vidare, i 2023. Den økonomiske situasjonen er usikker og krevjande, verdssituasjonen like usikker, og helseføretaka skal ta att for mykje arbeid som vart sett på vent under pandemien. Det går allereie vanskelege diskusjonar om prioritering i tenesta. Men med grunnlaget for utvikling på fleire viktige områder som er bygd gjennom åra, mellom anna, innan planlegging, analyse og digitalisering, ligg det òg moglegheiter for naudsynt omstilling og endring. Dette må ha som mål å gi medarbeidarar gode rammer for det viktige arbeidet dei gjer og pasientane den beste behandlinga vi kan.

Hausten 2022 vedtok styret i Helse Vest RHF den reviderte utviklingsplanen for dei neste åra. Våren 2023 skal tiltaksplanen ligge føre.

Erfaringane frå pandemien og tryggleiken som er blitt utfordra i Europa siste året har gitt oss kunnskap når ein reviderer den regionale beredskapsplanen, slik at den gir støtte til dette heilt sentrale området framover.

Det er komen til god kunnskap om utfordringa å behalde og rekruttere medarbeidarar framover i rapporten lagt fram av Helsepersonellkommisjonen i februar 2023. I løpet av året kjem Nasjonal helse- og samhandlingsplan, sjukehusutvalet skal legge fram sine anbefalingar og det kjem ei ny prioriteringsmelding.

Med grunnlaget vi har i alt arbeidet som er lagt ned i Helse Vest over fleire år, eit kunnskapsgrunnlag som stadig blir styrkt og eit tett samarbeid, både regionalt og nasjonalt, ligg det til rette for mykje godt arbeid i spesialisthelsetenesta på Vestlandet vidare inn i 2023.

PASIENTBEHANDLING

Hovudrapporteringa om pasientretta verksemd skjer i årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet. «Årleg melding for 2022» er tilgjengeleg på www.helse-vest.no.

Psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling

Psykisk helsevern skal ha prioritet i drift og utvikling av tenesta. Det skal vere høgare vekst i aktivitet innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengige (TSB) enn for somatikk, på regionnivå.

Helse Vest RHF har hatt tett oppfølging av helseføretak, sjukehus og avtalepartar når det gjeld prioritering av psykisk helsevern og TSB i heile 2022, særleg for tilbodet som gjeld barn og unge.

Alle helseføretak i Helse Vest har hatt ein auke i budsjettet, som har gjort det mogleg å tilsette fleire behandlarar eller spesialistar, og fleire tiltak er etablert. Samtidig har et vore høge tal på tilvisingar og

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av
Posten Norge

store rekrutteringsutfordringar gjennom 2022 og dette har ikkje har gitt den forventa utviklinga i ventetid og aktivitet i alle fagområda.

Tiltak som er sett inn for å nå målsettingane er digitale helsetenester, optimalisere pasientflyt og effektivisere pasientforløp, samt ulike rekrutteringstiltak og overføring av ressursar til psykisk helsevern vaksne (PHV) og TSB.

Det er i 2022 blitt jobba med å legge til rett for felles tilvisingsmottak for helseføretak og avtalespesialistar.

Helseføretaka har innført ulike modellar for vurderingssamtalar i BUP. I psykisk helsevern vaksne er det berre nokre få helseføretak som testar ut å tilby vurderingssamtalar.

- *Aktivitet:* Ser ein til tala per 2022 viser dei at det har vore ein auke i den poliklinisk aktiviteten innan fagområda psykisk helsevern vaksne og barne- og ungdomspsykiatri. Tala for tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengige viser ein nedgang i aktivitet. Rekneskapen viser at dei fire helseføretaka i 2022 har hatt ein auke innan psykisk helsevern vaksne (PHV), mens aktiviteten innan Tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengige (TSB) har gått ned. Nedgangen skuldast i all hovudsak endra kodepraksis for LAR-pasientar.
- *Ventetider:* Måla for Helse Vest var under 35 dagar for BUP, under 40 dagar for PHV og under 30 dagar for TSB. Årsdata frå Helsedirektoratet viser at måla for ventetider vart nådd for TSB, men ikkje for PHV og BUP. Som følgje av pandemien har utfordringane med å nå måltalet blitt vart ved i 2022, med etterslep på fleire områder. Føretaka gjer eit omfattande arbeid med fagleg prioritering og vurdering av dei pasientkontaktane som blir utsett som følgje av pandemien. Helseføretaka er i gang med fleire tiltak for å følgje opp pasientar på venteliste, inkludert pasientar som allereie er i eit forløp (vidare kontroll- og oppfølging eller planlagd elektiv aktivitet).

Helse Vest RHF har merksemd på rekrutteringssituasjonen, og det å setje i verk tiltak for å behalde og vidareutvikle kompetansen innan dette verksemdsområdet.

Sikkerheitspsykiatri

Regional plan for sikkerheitspsykiatri blei utarbeidd hausten 2020, og sendt til helseføretaka for oppfølging. Rundt årsskiftet 2021/2022 la helseføretaka fram lokale planar for styrking av sikkerheitspsykiatrien. Dei lokale planane har eit tidsperspektiv fram mot 2024-2025, og inneber vesentleg styrking av sikkerheitspsykiatrien. Sikkerheitspsykiatrien blei styrka med 20 millionar kroner frå RHF-et i 2021, og ytterlegare 20 millionar kroner frå og med 2022.

Somatikk

Nasjonale tal frå Helsedirektoratet viser at samla aktivitet for døgnopphald, dagopphald og poliklinikk innan somatikk er 0,8 prosent høgare i 2022 enn i 2021. Innan døgnbehandling somatikk er det ein oppgang på 1,2 prosent, innan dagbehandling ein oppgang på 0,6 prosent, medan det innan poliklinikk er ein oppgang på 0,7 prosent. Desse tala omfattar ikkje avtalespesialistar.

Det er ei ønska utvikling å dreie ressursar frå døgn- og dagbehandling til poliklinikk. Fleire faktorar spelar inn, som til dømes ny diagnostikk, nye behandlingsmetodar og betre logistikk.

Ventetider og fristbrot

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av
Posten Norge

Meir enn to tredelar av innleggingane innan somatikk ved sjukehusa er definert som øyeblikkeleg hjelp. Det er inga ventetid for pasientane dette gjeld.

Å unngå fristbrot og redusere ventetidene er viktige mål for å sikre kvaliteten på tilbodet til pasientane. Helseføretaka på Vestlandet har over lengre tid arbeidd målretta med å redusere fristbrot og ventetider. Leiarar har fått meir heilskapleg styringsinformasjon, som eit av fleire viktige bidrag for å redusere ventetid og unngå uønskt variasjon. Ventetidstatistikken er oppdatert kvar veke i felles regionale styringsverktøy, som er tilgjengeleg for leiarar og medarbeidarar i Helse Vest. Verktøya som nyttast viser ventetid på tvers av fagområde, helseføretak og einingar for å forstå kor utfordringa ligg, også rekna framover i tid. Gode analysar, god arbeidsplanlegging og god pasientlogistikk er ein stor del av løysinga.

Andre sentrale tiltaksområde for å få ned ventetidene er arbeid med standardiserte pasientforløp, aktuelle pakkeforløp og arbeid med rekruttering til einingar med låg behandlarkapasitet. 2022 og pandemien påverkar framleis forventningane til ventetider, mellom anna grunna at sjukehusa har måtte utsetje timar.

Dei offisielle tala henta frå Helsedirektoratet viser at dei gjennomsnittlege ventetidene i Helse Vest for pasientar som starta behandling i 2022, var 67 dagar, som er det same som snittet for heile landet.

Helse Vest RHF har også i 2022 differensiert kravet til ventetider for behandla pasientar. Somatikk hadde måltal på 50 dagar, men hadde ei ventetid på 69 dagar, BUP hadde mål om 35 dagar, men hadde ei ventetid på 54 dagar. PHV hadde mål om 40 dagar og oppnådde ei ventetid på 47 dagar. TSB nådde måltalet på 30 dagar, med ei ventetid på 30 dagar i 2022.

Det er ulik måloppnåing mellom helseføretaka når det gjeld alle fagområda. Som ein følgja av pandemien har utfordringane med å nå måltalet blitt vidareført inn i 2022 med etterslep innan fleire fagområde.

Det er eit pågåande omfattande arbeid med fagleg prioritering og vurdering av dei pasientkontaktane som blir utsett. Helseføretaka er i gang med fleire tiltak for å handtere pasientar på venteliste, inkludert pasientar som allereie er i eit forløp (vidare kontroll og oppfølging eller planlagd elektiv aktivitet).

Konsekvensane av pandemihandteringa har i størst grad hatt innverknad på ventetidene i somatikken. Styret i Helse Vest RHF følgjer nøye med på ventetidsutviklinga gjennom dei månadlege verksemdsrapporteringane.

Det har vore sett i verk mange tiltak for å handtere ventetidsauken som følgje av pandemien. Bruk av video- og telefonkonsultasjonar er eit døme på dette. Rekruttering og flytting av ressursar, arbeidet med standardiserte pasientforløp og bruk av private avtalepartar er andre døme. Ein har arbeidd med å sikre betre planlegging av oppgåver og bemanning i dei kliniske einingane. Føretaka gjer eit omfattande arbeid med fagleg prioritering og vurdering av dei pasientkontaktane som blir utsette som følgje av pandemien.

Helse Vest RHF følgjer nøye med på ventetidsutviklinga og tiltaka for å nå målet for ventetider den kommande tida. Men framleis må ein ta høgde for pandemien i enda ei tid, og effektar av at det har vore mange pasientar med covid-19 i sjukehusa og auka sjukefråvær.

Pakkeforløp kreft

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av
Posten Norge

Helse Vest når målet i 2022 om at 70 prosent av alle pakkeforløp for kreft er gjennomført innan standard forløpstid. Det er større variasjon i måloppnåing mellom helseføretaka i regionen enn i 2021. Det har vore ei negativ utvikling frå 2021, då måloppnåinga var på 77 prosent. Alle helseføretaka peiker på at det er fleire utfordringar knytt til utgreiing som mellom anna skuldast auka krav til diagnostisering i samband med at fleire pasientar får individretta behandling. Helse Vest når målet om at 70 prosent av alle kreftpasientar skal være registrert i pakkeforløp kreft med 84 prosent. Helse Vest følgjer utviklinga i pakkeforløpa for kreft tett.

Kvalitet og pasientsikkerheit

Forbetring og auka kvalitet har i lang tid hatt stor merksemd i Helse Vest. Styret i Helse Vest er opptatt av at sjukehusa arbeider kontinuerleg og systematisk for å redusere pasientskadar. Det er framleis normal variasjon i resultata. Ei rekkje tiltak er sett i verk for å betre og stabilisere resultata.

Topp 5 risikoområde i Helse Vest er døme på korleis ein jobbar saman i regionen for å minske variasjon, behalde viktige og gode fagfolk og redusere legemiddelskader. Klarer ein å redusere legemiddelskader saman med reduksjon i postoperative infeksjonar, har ein god moglegheit til å oppnå kravet til GTT-funn. Kravet er at ingen av helseføretaka skal ha funn av meir enn 10 prosent skader ved gjennomgang av journalar. Helse Vest RHF og helseføretaka arbeider saman for å sjå ting i samanheng og for å sikre systemperspektivet i arbeidet for å redusere pasientskadar.

I Helse Vest gir den regionale planen for kvalitet og pasientsikkerheit retning for å betre systema innan pasientsikkerheit. I tillegg får mange medarbeidarar utdanning i metodisk forståing av kontinuerleg forbetring, og talet som deltek er stadig aukande. Siste kull har godt over 100 deltakarar frå alle helseføretaka og dei private ideelle. Det er og deltakarar frå Helse Vest RHF. Denne satsinga er viktig for å bygje ein forbetrande kultur.

Ei gruppe forskarar i Bergen forskar på kva for tiltak som verkar for å få til implementering i helsetenesta vår. Dei foreløpige resultata tyder på at det å ha ein systematisk tilnærming til forbetring som metode er av stor betydning. Ein ser at *Plan for kvalitet og pasienttryggleik* i aukande grad bidreg til systematisk arbeid i heile regionen. Resultata av dette ser ein på mange områder. Eit eksempel er arbeidet med felles prosedyrar. Ein har vedtatt å gå til innkjøp av Metodebok.no, som vil hjelpe med å oppnå fleire felles prosedyrar i Helse Vest.

Kravet om godt klima for sikkerheit blir følgt opp gjennom medarbeiderundersøkinga ForBedring. Dei fire helseføretaka har nådd målet om prosentdel "einingar med godt sikkerheitsklima", som skal vere minst 75 prosent.

Helse Vest rapporterer data til dei nasjonale kvalitetsregistra. Resultata blir publiserte på helsenorge.no. Tal for 2022 vert truleg ikkje publisert før tidleg hausten 2023.

Erfaringane tyder på at desse undersøkingane er nyttige, men det er utfordringar i oppfølginga i leiarlinja. Ein finn stor variasjon i resultata for ulike einingar. Samla viser dette kor viktig leiing og arbeidsmiljø er for at vi skal lukkast i arbeidet med kvalitetsforbetring og pasienttryggleik

Variasjon

Det er diskusjonar om både overbehandling og underbehandling i spesialisthelsetenesta - og variasjonar mellom dei ulike helseføretaka i effektivitet og kapasitetsutnytting innan nokre fagområde. Alle helseføretaka arbeider med å redusere uønskt variasjon.

Mellom dei fem områda som er særleg prioritert dei neste åra i Helse Vest, omtala som topp fem risikoområde, er det eitt som går på uønskt variasjon innan radiologi og ortopedi. I tillegg gir

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av
Posten Norge

helseatlaset, eit verktøy for å samanlikne befolkninga si bruk av helsetenester i ulike område, god kunnskap. Prinsippet i tenesta er lik tilgang til behandling, uavhengig av kvar pasientane vert behandla.

Antibiotikastyring og antibiotikaresistens

Alle føretaka i Helse Vest arbeider med reduksjon i forbruk av breispektra antibiotika. Samla forbruk er redusert med 10,6 prosent frå 2012 til andre tertial 2022. Alle føretaka i Helse Vest har redusert antibiotikabruken samanlikna med eige forbruk i 2012, men det er betydelege variasjonar mellom helseføretaka.

Det siste året har forbruk av breispektra antibiotika, korrigert for liggedøgn, auka i Helse Vest. Forbruket har gått opp med 6,4 prosent frå 2021 til 2022 (første og andre tertial). Denne auka ser ein også i tal på nasjonalt nivå. Datagrunnlaget er ikkje egna til å seie noko om årsaka til auken, men det er truleg fleire forhold som speler inn. Endra pasientsamansetting under pandemien, stor pågang med infeksjonspasientar i pandemibølga vinter og vår 2022, at oppdaterte retningslinjer for antibiotikabruk i sjukehus i større grad anbefaler breispektra antibiotika enn tidlegare. Ein årsak som òg blir trekt fram er at det har vore vanskeleg for dei kliniske einingane å oppretthalde fokuset under pandemien.

Hausten 2022 er fleire aktivitetar reetablert, og sjukehusa planlegg vidare arbeid.

Føretaka jobbar samstundes systematisk med førebyggande smittevern- og hygienetiltak, for å halde sjukehusinfeksjonar på lågast mogleg nivå. Dette er eit viktig tiltak for pasientsikkerheita og for å redusere bruken av antibiotika i sjukehusa.

Norsk Pasientskadeerstatning (NPE)

Norsk Pasientskadeerstatning (NPE) er eit uavhengig statleg forvaltningsorgan underlagt Helse - og omsorgsdepartementet. NPE behandlar erstatningskrav frå pasientar som er påført skade etter svikt i helsetenesta. Rapportane frå NPE er ei viktig kjelde i oppfølginga av hendingar og i forbetringsarbeidet i sjukehusa. Frå og med 2022 er eigendelar ved pasientskade fjerna. All finansiering av pasientskade innan spesialisthelsetenesta skjer no i form av forsikringspremie.

Rapportering og oppfølging av avvik etter tilsyn

Helseføretaka rapporterer avvik etter tilsyn til Helse Vest RHF. Styret får eit samandrag av rapportane jamleg. Samandraget er ei oversikt over talet på avvik frå tilsynsmyndigheitene og kva internkontrollkrav hendingane er brot på. Helseføretaka følgjer opp og lukker dei einskilde avvika, og følgjer i tillegg med på kva område som har gjentakande avvik som treng ekstra merksemd.

Brukarmedverknad og –oppleving

Dialog og samhandling med brukarane er særs viktig for utviklinga av tenestene. Det regionale brukarutvalet (RBU) er pasientane sitt rådgivande organ i Helse Vest RHF. Hensikta med det regionale utvalet og utvala i helseføretaka er å sikre at pasientane kjem til orde og kan gje viktige innspel i saker som påverkar helsetenestene.

Brukarmedverknad skjer på mange nivå, frå arbeid i utval, representasjon i prosjekt og utviklingsarbeid til det pasientnære, slik som deltaking i kliniske forskingsprosjekt, testing av nye løysingar for betre dialog med sjukehuset, heimesjukehus og samval i behandlinga. Undersøkingane som blir brukt i forbetring av pasientdialog, utviklinga av tenester og i arbeidet med

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av
Posten Norge

pasientsikkerheit er, mellom anna, Folkehelseinstituttet sine rapportar om brukaroppleving, særleg innan psykisk helsevern og TSB.

Helse Vest gir kvart år støtte til brukarorganisasjonar. Det blei delt ut om lag 10,6 millionar kroner til 83 brukarorganisasjonar i 2022. Støtta går til brukarmedverknad, kurs og informasjonsarbeid. Tilskota skal brukast til føremål som er knytte til spesialisthelsetenesta.

FORSKING OG INNOVASJON

Forsking

Forsking er ei av dei fire lovpålagde hovudoppgåvene for helseføretaka og heng tett saman med innovasjon og tenesteutvikling. Rett satsing på dette området er ein grunnleggjande føresetnad for å gjennomføre dei strategiske satsingane i Helse Vest og realisere den nødvendige utviklinga.

Forskinga omfattar i hovudsak klinisk forsking. I tillegg til dei øyremerka forskingsmidlane frå Helse Vest, har helseføretaka finansiert kostnader til forsking over basisramma, og dei har mottatt gåver og tilskot frå andre kjelder til forskingsføremål.

Helse Vest har to av seks universitetssjukehus i Noreg. I Helse Vest står Helse Bergen for den største delen av forskinga, med 65 til 70 prosent. Tilsvarande tal for Helse Stavanger er 20 til 25 prosent. Sjølv om dei to universitetssjukehusa står for den største delen av forskinga, er dei andre helseføretaka også nasjonalt konkurransedyktige når det gjeld kvalitet og relevans på utvalde forskingsområde. Her bidreg òg private aktørar, som Haraldsplass Diakonale Sykehus. Dei fire helseføretaka har eigne strategiar og planar for forsking, som alle følgjer den regionale forskingsstrategien.

Helse Vest vart i 2022 tildelt 132 millionar kroner i statleg tilskot til forsking. Tilskotet vert tildelt ut frå fire indikatorar; vitskaplege publikasjonar, doktorgradar, forskingsmidlar frå EU og Norges forskingsråd, samt tal på kliniske studiar og inkluderte pasientar. I tillegg har Helse Vest sett av 90 millionar kroner frå eiga ramme, slik at den totale forskingsramma for 2022 var på 221 millionar kroner. I 2022 finansierte desse midlane mellom anna 288 forskingsprosjekt samt ulike insentivordningar.

Gjennom RHF-a sitt program for klinisk behandlingsforsking i spesialisthelsetenesta, vert det årleg tildelt midlar til større prosjekt. I 2022 starta sju nye prosjekt ved sjukehus i Helse Vest med midlar frå programmet.

Helse Vest samarbeider med universiteta og høgskulane i regionen om forsking, innovasjon og utdanning, og korleis ein skal styrkje forholdet mellom desse. I tillegg til den regionale forskingsstrategien, er det utforma ein samarbeidsavtale mellom Helse Vest RHF, Universitetet i Bergen, Universitetet i Stavanger, Høgskulen på Vestlandet og VID vitskapelege høgskule om forskings- og utdanningsoppgåvene.

Brukarmedverknad i forsking

Dei siste åra har auka omfang og bruk av klinisk pasientretta forsking, helsetenesteforsking, innovasjon, brukarmedverknad og nasjonalt og internasjonalt samarbeid stått sentralt i oppdragsdokumenta frå Helse- og omsorgsdepartementet til dei regionale helseføretaka. Dette er eit tydeleg satsingsområde for Helse Vest, som skal gi betre kvalitet, pasientsikkerheit, kostnadseffektivitet og meir heilskaplege pasientforløp.

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av
Posten Norge

Det har vore ei positiv utvikling av brukarmedverknad i forsking dei siste åra, frå i 29 prosent av prosjekta i 2015 til i 82 prosent av prosjekta i 2022.

Samarbeidet med industri og næringsliv er viktig i forsking. Det er ein auke i talet på forskarar som melder om samarbeid med industri og næringsliv, frå 10 prosent i 2014 til 15 prosent i 2022.

Innovasjon

Årleg bruk av midlar til innovasjon ligg fast. I tillegg til satsinga i dei enkelte verksemdene, så var det i 2022 lyst ut 16 millionar kroner i Helse Vest, for å stimulere til innovasjonsprosjekt i helseføretaka som støttar måla i verksemdstrategien *Helse 2035* og *Nasjonal helse- og sykehusplan*.

Fleire av prosjekta som fekk stønad frå den regionale innovasjonsutlysinga i Helse Vest, fekk også stønad frå andre nasjonale finansieringskjelder som Forskingsrådet og Innovasjon Noreg i 2022. Dette syner at dei regionale midlane til innovasjon kan vere eit viktig verkemiddel for at prosjekta lykkast i konkurransen om dei meir ambisiøse prosjekta, som til dømes Pilot Helse-prosjektet. Pilot Helse er Forskningsrådet sitt nye verkemiddel for å stimulere til nye berekraftige løysingar i helsesektoren gjennom meir samarbeid mellom offentleg og privat sektor.

Den nasjonale indikatoren for innovasjonsaktivitet viser god innovasjonsaktivitet i føretaksgruppa. Det like fullt eit potensiale for å skalere og dele fleire av innovasjonane mellom føretaka i Helse Vest og i landet elles.

For å stimulere til meir samarbeid med næringsliv knytt til innovative berekraftige løysingar i helsetenesta, er Helse Vest strategisk partnar i Nasjonalt Leverandørutviklingsprogram (LUP). Gjennom medlemskapet med LUP skal Helse Vest styrke rolla som ein strategisk innkjøpar og auke kompetansen for korleis me legg til rette for innovasjon knytt til anskaffingar i regionen.

Helse Vest nyttar også aktivt den nasjonale kompetansetenesta InnoMed, som tilbyr prosessrettleiing til tenesteinnovasjonsprosjekt som omhandlar både spesialisthelsetenesta og kommunal helse- og omsorgsteneste. Totalt har ti prosjekt frå Helse Vest regionen fått prosessrettleiing i 2022.

BEMANNING

Gjennomsnittleg tal på tilsette i føretaksgruppa i 2022 var 30 534. Helse Vest har hatt ein nedgang i bruk av innleidde vikarar i 2022. Det er eit mål at bruken av innleidde vikarar skal ned til eit tilnærma null-nivå. I snitt var det i 2022 leigd inn vikarar i 0,38 prosent av brutto månadsverk. Helseføretaka har etablert eigne bemanningssenter som handterer behov for ekstra personell.

Å redusere sjukefråværet er ei prioritert oppgåve i alle helseføretaka. For føretaksgruppa var det eit samla sjukefråvær per desember 2022 på 9,88 prosent. Sjukefråværet varierer mellom føretaka og i det enkelte føretaket. Føretaka var per desember 2022 prega av stort sjukefråvær grunna auke i smitta av covid-19, influensa og andre sesongbaserte virus, som mellom anna RS.

Ekstern turnover av medarbeidarar er eit av topp fem risikoområder i Helse Vest. Turnover har store konsekvensar for pasientsikkerheit, kvalitet og økonomi. Når medarbeidarar sluttar, mistar føretaket verdifull kompetanse. Høg turnover for ulike aldersgrupper er ei samfunnsutfordring og ei generasjonsutfordring. Helse Vest RHF har gjennomført eit regionalt prosjekt som analyserer situasjonen. Sluttrapporten er eit viktig kunnskapsgrunnlag for vidare tiltak for å behalde og utvikle medarbeidarar og redusere ekstern turnover.

Likestilling, integrering og mangfald

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av
Posten Norge

Helseføretaka er kvinnedominerte arbeidsplassar. 77 prosent av medarbeidarane ved sjukehusa og institusjonane i helseregionen er kvinner. I einskilde yrkesgrupper er kvinnedelen særleg stor, mellom anna når det gjeld sjukepleiarar, vernepleiarar, hjelpepleiarar, andre pasientretta stillingar og reinhaldspersonale. Mellom legar er fordelinga 44 prosent menn og 56 prosent kvinner.

I styra i føretaksgruppa Helse Vest er det totalt 74 styremedlemmar (vara er ikkje tatt med), 43 kvinner og 31 menn. Dette gir 58 prosent kvinner og 42 prosent menn. Delen av kvinnelege leiarar i føretaksgruppa er om lag 40 prosent. Når det gjeld toppleiarar, er det ei fordeling på 40 prosent kvinner og 60 prosent menn.

Per 31.12.2022 var det 65 prosent kvinner og 35 prosent menn tilsett i det regionale helseføretaket, og av desse er fordelinga i leiargruppene 43 prosent kvinner og 57 prosent menn.

Det er ingen skilnad på arbeidstid for dei ulike kjønna. Personalpolitikken tar omsyn til utvikling, karriereplanlegging og anna kompetanseheving for alle medarbeidarar.

Helseføretaka har høg organisasjonsgrad, og tariffavtalane har kjønnsnøytral lønnsregulering.

Helse Vest legg til rette for likestilling, å sikre like moglegheiter og rettar og å hindre diskriminering. Leiarar på alle nivå har eit særskilt ansvar for at likestillings- og diskrimineringslova blir følgd.

Helse Vest legg vekt på mangfald på arbeidsplassen. Det er eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnssamansetnad, og å rekruttere kvalifiserte personar med innvandrarbakgrunn. Ein følgjer prinsippet om likelønn og kvalifikasjon i alle tilsettingar, og ein skal rekruttere kvalifiserte medarbeidarar uavhengig av kjønn, alder og etnisitet. Kvalifiserte søkjarar med innvandrarbakgrunn, funksjonsnedsetting eller som har vore ute av arbeid over lengre tid, og som gjer at dei har opphald frå arbeidslivet, blir oppmoda om å søkje ledige stillingar. Helse Vest støtter opp om det nasjonale inkluderingsarbeidet, der hovudmålsettinga er auka yrkesdeltaking. Inkluderande rekruttering er ei sak med stor merksemd for føretaksgruppa Helse Vest.

Helse Vest er med i eit interregionalt nettverk som saman arbeider for å utarbeide ein plan med tiltak, arbeidsformer og rutinar med sikte på å nå måla for inkluderingsarbeidet. I tillegg er det sett ned ei regional ressursgruppe som arbeider særskilt med dette området.

Samanlikna med andre regionar har Helse Vest låg uføretilbøyelegheit. Helseføretaka har i løpet av 2022 hatt om lag 9 093 IA-saker og ein gjer tiltak for å sikre god inkludering og unngå ekskludering frå arbeidslivet.

Det er eit mål for føretaksgruppa i Helse Vest at medarbeidarane skal spegle befolkninga, og dermed at seks til ti prosent skal ha innvandrarbakgrunn. Tal frå 2022 viser om lag 22 prosent av medarbeidarane i helseføretaka er ikkje-norske statsborgarar.

Føretaksgruppa Helse Vest har etablert ein policy for heiltidskultur. Det er eit mål at flest mogleg vel heile stillingar. Alle medarbeidarar kan registrere sine ønske i ein heiltidsmodul. 11 453 fleire medarbeidarar har frå desember 2010 til desember 2022 fått høgare stillingsprosent i føretaksgruppa Helse Vest. Det er 8 172 fleire medarbeidarar som har hundre prosent stilling, og 3 281 fleire i under hundre prosent stilling som har auka stillingsprosent i same periode. Korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent er på 91,74 prosent.

Det går føre seg et kontinuerleg likestillingsarbeid i heile føretaksgruppa. Helse Vest RHF kartlegg likelønnssituasjonen mellom kvinner og menn i føretaka som ein del av dette arbeidet.

Den detaljerte kartlegginga er tilgjengeleg på nettsida til Helse Vest RHF: www.helse-vest.no

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av
Posten Norge

Kompetanse og utdanning

Spesialisthelsetenesta på Vestlandet har i 2022 vore involvert i totalt 10 135 formelle utdanningsløp. Dette er noko ned frå 2021, men likevel ein auke på 6,7 prosent frå 2020. Dette er utdanning på vidaregåande nivå, slik som lærlingar, utdanning på høgskule- og universitetsnivå, bachelor- og mastergradar, profesjonsutdanning og spesialisering i sjukehusa. I kroner er det ein auke på om lag 267 millionar som er investert i utdanningsløp frå 2021 til 2022. Totalt er det investert 2,81 milliardar kroner i utdanningsløp for 2022.

Pandemien bidrog til ein kraftig auke (105 prosent frå 2019 til 2020) på gjennomføring av kurs for medarbeidarar. Trenden med gjennomførde e-læringskurs og klasseromskurs ser ut til å helde seg sjølv etter pandemien. I 2022 blei det gjennomført 584 fleire e-læringskurs i 2022 enn i 2021. Samstundes var det ein auke på 10 775 gjennomførde klasseromskurs. Moglegheita for igjen å delta fysisk har nok mykje å sei for auka vi ser i gjennomførde klasseromskurs frå 2021 til 2022.

Arbeidsmiljø

HMS skal vere ein integrert del av det daglege arbeidet. For å sikre ei tett og god oppfølging av føretaka blir det månadleg rapportert på uønskte hendingar. Føretaka rapporterer på tiltak som er sette i verk og status på desse. Uønskte hendingar blir påverka av både arbeidsmiljø og pasientsikkerheitskultur. Ein kan følgjeleg anta at ein kan redusere risikoen for uønskte hendingar ved å forbetre arbeidsmiljøet og pasientsikkerheitskulturen, i tillegg til at god pasientsikkerheit bidreg til godt arbeidsmiljø.

Meldesystemet Synergi viser eit stabilt høgt tal for vald og truslar mot medarbeidarar - særleg i psykisk helsevern, men også i ambulansetenesta og somatiske akuttmottak. Dette har openberre pasientsikkerheit- og HMS-perspektiv. Risikovurdering, tiltaksutvikling og oppfølging er komplisert og krevjande, og ressursane må samlast for å redusere risiko, både i det regionale helseføretaket og føretaksgruppa.

Døme på tiltak er starta opp i 2022:

- Utgreiing av tilbod, kapasitet og infrastruktur til dei mest alvorleg sjuke psykiatriske pasientane i regionen.
- Lovgivars gjennomgang av føresegn som kan bidra til auka sikkerheit og avdekke kva andre tiltaksområde som er aktuelle og viktige, og som bør setjast i verk.

Dei fleste HMS-avvika som vart meldt om i 2022 er valdsskadar, truslar om vald og slag.

- 303 meldte avvik om trakassering og utilbørleg oppførsel utgjer fire prosent
- 361 truslar om vald utgjer fire prosent
- 160 truslar om drap utgjer to prosent
- 426 slag utgjer fem prosent

Totalt var det meldt 8 548 avvik på HMS/tilsetteskadar.

Vald og truslar mot medarbeidarar er eit av topp fem risikoområder i Helse Vest. Vald og truslar har store konsekvensar for arbeidsmiljøet. Når medarbeidarar blir utsett for vald og truslar, blir arbeidskvardagen utrygg. Dette kan igjen føre til sjukefråvær eller at dei sluttar. Helse Vest RHF held på med eit regionalt prosjekt som analyserer situasjonen. Sluttrapporten utgjer eit viktig kunnskapsgrunnlag for vidare tiltak for å redusere vald og truslar mot medarbeidarar og jobbe for at alle har eit trygt og forsvarleg arbeidsmiljø.

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av
Posten Norge

Styret i Helse Vest ser alvorleg på vald og truslar mot medarbeidarane, dei får jamlege rapportar og følgjer utvikling og oppfølging også på dette området.

Føretaksgruppa Helse Vest gjennomførte ForBedring også i 2022. Undersøkinga, som gjeld arbeidsmiljø og kultur for pasientsikkerheit, vart lukka medio mars 2022. Målet med ForBedring er å understøtte kontinuerleg forbetringsarbeid lokalt, og sikre ivaretaking av kravet om kartlegging, i tråd med lov og forskrift om systematisk forbetringsarbeid (HMS-forskrifta *og Forskrift om ledelse av kvalitet og pasientsikkerhet*). Resultata skal nyttast som underlag for dialog i lokalt forbetringsarbeid i kvar eining. Alle har tilgang til resultata i ForBedring for sitt eige helseføretak. Føretaka følgjer opp resultata med handlingsplanar i Synergi.

Alle medarbeidarar og leiarar blir invitert til å delta, 29 934 totalt i 2022. Deltakinga var 69,4 prosent av alle inviterte. Nasjonalt mål for deltaking er på 70 prosent. Dette er noko lågare svarprosent enn tidlegare år og kan skuldas nasjonale tiltak i pandemien.

For området "teamarbeidsklima" har føretaksgruppa Helse Vest ein gjennomsnittskår på 86 av 100. Det er opp frå 85 i 2021. For tema 'sikkerheitsklima' er det ein gjennomsnittskår på 85 av 100. Det er likt som i 2021. Dette er gode resultat, men viser òg at det framleis er eit potensiale for å bli betre.

Forsikring for styrets medlemmar og dagleg leiar

Det er ikkje teikna styreansvarsforsikring for styremedlem og dagleg leiar.

DIGITALISERING OG IKT

Helse Vest har arbeidd systematisk sidan starten i 2002 for å byggje ein regional infrastruktur for IKT og felles regionale IKT-løysingar som støtte til dei ulike delane av verksemda. Det regionale økosystemet utgjer grunnlaget for vidare arbeid med digitalisering i Helse Vest. Digitalisering handlar om å bruke teknologi til å tilby betre tenester til helsepersonell, pasientar og pårørande. Digitalisering handlar om å tilby digitale tenester som er enkle å bruke, effektive og pålitelege. Det handlar også om å forenkle kvardagen for tilsette ved å legg til rette for betre pasientbehandling, gode arbeidsforhold for medarbeidarar, auka verdiskaping og innovasjon. Digitalisering er også ein viktig føresetnad for å legge til rette for berekrafta til helse- og omsorgstenesta framover.

Hovudområda for utvikling av digitale løysingar har over fleire år vore organisert i ei *portefølje* av regionale program, nokre av desse er;

- **LIBRA** er nye felles arbeidsprosessar og ny IKT-løysing for støttetenester innan lager, innkjøp, budsjett, rekneskap og anskaffing. Helse Vest har innført ein felles regional løysing som dekker alle desse funksjonsområda. Dette har lagt grunnlaget for vidare arbeid med støttetenestene innanfor økonomi, lager og forsyning.
- **Alle møter** skal bidra til eit betre tilbod til pasientane med god og forenkla kommunikasjon med pasientar og pårørande. Programmet legg til rette for god planlegging og ressursbruk ved poliklinikkane, betre tilgjengelegheit for pasientar og pårørande, forenkla kvardag for medarbeidarar og betre bruk av digitale løysingar.
- **HELIKS**, eller heilskaplege kliniske system, bidreg til å gi betre samanheng mellom dei kliniske IKT-systema i Helse Vest. Programmet har innført av felles regionale kliniske IKT-løysingar, som felles regionalt elektroniske pasientsjournalsystemet og felles regional løysing for kurve og legemiddelhandtering.
- **Byggstøtte IKT** som har ansvaret for leveranse av IKT-infrastruktur og basistenester til pågåande byggeprosjekt i Helse Vest, mellom anna nettverk, tele- og signalsystem, IKT-utstyr, meldingsvarslar, mobil plattform, integrasjon med fagsystem, med meir. Programmet

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av
Posten Norge

sitt overordna mål er at ingen byggeprosjekt i Helse Vest skal få endringar dei ikkje ønskjer i tid/kost/kvalitet, som er grunna leveransar frå Helse Vest IKT.

LIBRA vart avslutta som program i 2022, HELIKS er planlagt avslutta i 2023. Byggstøtte IKT vil verte vidareført som eige program, for å støtte opp under dei store pågåande byggeprosjekta i Helse Vest, mellom anna Nye SUS for Helse Stavanger HF, Glasblokkene i Helse Bergen HF, byggetrinn 2 ved Haugesund Sjukehus for Helse Fonna HF, Liva-bygget i Helse Førde HF.

Føretaksgruppa Helse Vest har gjennom 2022 arbeid med ei endring av styringsstrukturen for digitalisering. Dette er eit viktig grep ved overgangen frå gjennomføring av store program for innføring av nye løysningar og system til eit kontinuerleg arbeid med forenkling og forbetring av eksisterande arbeidsprosessar og løysningar. Overgang til den nye styringsstrukturen vil skje gradvis gjennom 2023.

Føretaksgruppa Helse Vest har stort fokus på arbeidet med informasjonssikkerheit. Auka bruk av digitale løysingar i helsesektoren styrkjer pasientbehandlinga og pasientsikkerheita. Samstundes er trusselbildet i stadig endring, dels på grunn av geopolitiske forhold. IKT- og informasjonssikkerheit er eit kontinuerleg arbeid det er knytt stor merksemd til.

MILJØ OG SAMFUNNSANSVAR

Samfunnsansvaret i Helse Vest er omtalt i eigen sak til styret i Helse Vest (april 2023): *Samfunnsansvar i Helse Vest - utgreiing 2023* og i spesialisthelsetenesta si rapport for samfunnsansvar 2022, som også ligg føre styret i april 2023.

Openheitslova

Openheitslova (Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold) skal fremje respekten verksemder skal ha for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, og sikre allmenta tilgang til informasjon. Lova trådde i kraft 1. juli 2022. Helse Vest RHF er omfatta av lova og har eit pågåande arbeid med å implementere krava, mellom anna og gjennomføre aktsemdvurderingar. Helse Vest RHF vil offentleggjere resultata frå aktsemdvurderingane på helseføretaket sin nettside innan 30.06.2023.

Helse Vest RHF har etablert eit regionalt nettverk for implementering av openheitslova. Sykehusinnkjøp HF og Sykehusbygg HF deltek i nettverket for å ivareta behovet for samhandling i arbeidet med aktsemdvurderingar.

Revisjonsåret 2022

Styret sitt revisjonsutval har eit særleg ansvar for å støtte styret i å utøve god verksemdstyring gjennom tilsyn med risikostyring og internkontroll i føretaksgruppa. Utvalet hadde seks ordinære møter, samt to ekstra møte i 2022 – totalt åtte møte. I alt handsama utvalet 57 saker. Internrevisjonen rapporterer fagleg til dette utvalet og skal på vegne av styret i Helse Vest RHF overvake og bidra til forbetringar i føretaksgruppa si verksemdstyring, risikostyring og internkontroll. Ny leiar av internrevisjonen tiltredde i slutten av august 2021. Leiar starta omgåande jobben knytt til å rekruttera to nye internrevisorar. Desse vart signerte i desember 2021 og starta i mars 2022. Internrevisjonen var fulltalige resten av året.

Utvalet har i løpet av året fått framlagt rapport frå eit internrevisjonsprosjekt, «Læring på tvers av uønskte hendingar», og har drøfta oppstart av mandat for internrevisjon på to nye prosjekt. Vidare har ein behandla ein oppfølgingsrevisjon, «Økonomistyring i byggeprosjekt».

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av
Posten Norge

I revisjonsutvalet sitt møte i april gjekk ekstern revisor gjennom risikobilete og erfaringar frå revisjonen. Årsrekneskapen for Helse Vest RHF vart gjennomgått av konsernrekneskapssjefen i Helse Vest RHF. I utvalet sitt desembermøte presenterte ekstern revisor resultata frå interimsrevisjonen på hausten og planane for komande årsrevisjon.

Revisjonsutvalet og internrevisjonen har ut over dei meir omfattande revisjonsprosjekta gjennomført førebuande analysar og/eller kontrolloppgåver knytt til blant anna:

- IKT- og informasjonstryggleik
- Grensekrenkande åtferd og tap av autorisasjon
- Budsjett og økonomisk berekraft i helseregionen for åra som kjem
- Samfunnsansvar og klimarisiko
- Eigenevaluering
- Med meir

For meir informasjon om desse aktivitetane, blir det vist til protokollar frå møte i revisjonsutvalet.

Rekneskapen, resultatet og føresetnad om framleis drift

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvisande bilete av eigedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat i helseføretaka. Føresetnadene for framleis drift er til stades, og dette er lagt til grunn i rekneskapen.

Resultatet for føretaksgruppa viser eit overskot på til saman 416 millionar kroner. Resultatet for Helse Vest RHF viser eit overskot på 477 millionar kroner.

I resultatet for Helse Vest RHF ligg ei netto reversert nedskriving på eigardel i helseføretaka på 4 millionar kroner. Den reverserte nedskrivinga er ført tilbake i konsernrekneskapen slik at ikkje overskota blir tekne med to gonger. Resultatet for Helse Vest RHF utan denne reverserte nedskrivinga er kr 473 millionar kroner.

Styret tilrår at overskotet i Helse Vest RHF blir ført mot annan eigenkapital. Kravet frå Helse- og omsorgsdepartementet var at føretaksgruppa skulle gå i balanse i 2022.

Investeringar

Helseføretaka har eit heilskapleg ansvar for drift og investeringar. Dette inneber at føretaka som ein hovudregel må styre og prioritere sine investeringar innan tilgjengeleg likviditet generert frå drifta med tillegg for eventuelle lån. Dette inneber at føretaka må levere positive resultat for å skape handlingsrom og moglegheit for fornying og utvikling av verksemda.

Helse Vest RHF har moglegheit til å søkje om lån frå staten til store prosjekt på inntil 70 % av prosjektkostnaden. Store prosjekt er definert som prosjekt der totalramma er over 500 millionar kroner. Føretaksgruppa har no store byggjeprosjekt i alle helseføretaka, sjå nærare omtale i avsnitta under. Alle desse byggjeprosjekta er finansiert med lån frå staten. Resterande del av investeringskostnaden til byggjeprosjekta må føretaka dekke av eigne midlar. Andre investeringar i føretaka er dekka av eigne midlar i sin heilskap.

Samla investeringar til føretaksgruppa for 2022 var på totalt 5 319 millionar kroner. Investeringane fordeler seg med 387 millionar kroner til medisinteknisk utstyr, 231 millionar kroner til transportmiddel, inventar og utstyr samt 4 506 millionar kroner til tomter, bustader, bygningar og

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av
Posten Norge

anlegg under utføring. I tillegg er det investert i lisensar og programvare samt prosjekt under utvikling på til saman 195 millionar kroner.

Høg generell prisvekst, utfordrande drift og stramme økonomiske rammer har i 2022 påverka gjennomføringa av Helse Vest sine byggeprosjekt innan vedtekne budsjett. Investeringsprosjekt som allereie er satt i gang skal ferdigstillast. Investeringsprosjekt der det ikkje er inngått forpliktande avtale må vurderast på ny i forhold til avklaring på dei økonomiske rammene og berekraft. Helse Vest behandla i styremøte 07.12.2022 sak om justert økonomisk langtidsplan (sak 119/22), kor det blei gjennomført en revidering av overordna framdriftsplan.

Føretaksgruppa har akkumulerte investeringar per 31.12.2022 på 13 385 763 kroner. Total kostnadsramme på prosjekta er 22 153 083 kroner. Den stramme økonomiske situasjonen inneber risiko for at helseføretaka ikkje kan gjennomføre alle framtidige investeringar som planlagt. Dette gjer det vanskeleg å hente ut alle gevinstane som ligg til grunn for utviklingsplanane, noko som igjen kan generere auka driftskostnadar.

Nytt universitetssjukehus «Nye SUS», Helse Stavanger

Helse Stavanger er i gang med å byggje nytt sjukehus. Det nye sjukehuset er under utbygging på Ullandhaug og har fleire byggjetrinn. Styret i Helse Vest RHF godkjente i styremøte 21.06.2017, sak 73/17, forprosjektrapporten for første byggjetrinn av Stavanger Universitetssjukehus på Ullandhaug. Lånefinansiering til byggjeprosjektet vart tildelt i statsbudsjettet for 2017.

Helse Stavanger har etter at forprosjektet vart vedtatt gjort ei vurdering av om meir areal kunne bli bygd i byggjetrinn 1 på Ullandhaug, utan at berekrafta for føretaket vart svekka. Styret i Helse Vest RHF behandla i styremøte 12.12.2019 sak 126/19, der styret godkjente at behandlingsbyggjet, E-bygget, blir fullført i byggjetrinn 1.

Første byggjetrinn har ei samla kostnadsramme på om lag 12 124 millionar kroner og skal stå ferdig i 2024. Bygget er planlagt til å bli om lag 120 000 kvadratmeter. Då blir alle somatiske senger, akuttfunksjonar og nødvendige støttefunksjonar flytta til det nye sjukehuset. I 2022 er det brukt 2 512 millionar kroner, og hittil for prosjektet er det brukt 7 551 millionar kroner.

ByggHaugesund2020, Helse Fonna

I 2018 starta Helse Fonna med utbygging av sjukehuset i Haugesund. Prosjektet har fått namnet ByggHaugesund2020 og er planlagt utført i to byggjetrinn. Forprosjektet for byggjetrinn 1 vart godkjent av styret i Helse Vest RHF i styremøte 11.05.2017, sak 55/17. Prosjektet vart tildelt lån i statsbudsjettet for 2018. Nybygget stod ferdig i august 2021 innan totalramma på prosjektet. Ytterlegare ombygging knytt til byggjetrinn 1 vart ferdig hausten 2022.

Revidert forprosjekt for byggjetrinn 2 vart godkjent av styret i Helse Vest RHF i styremøte 15.02.2023, sak 009/23. Trinnet inneber eit nytt påbygg på om lag 9 400 kvadratmeter og 7 300 kvadratmeter ombygging. Kostnadsramma for byggjetrinn 2 er sett til 1 033 millionar kroner, og hittil for prosjektet er det nytta 58 millionar kroner.

Glasblokkene, Helse Bergen

Eit nytt barne- og ungdomssjukehus har vore under planlegging på Haukeland heilt sidan slutten av 1990-talet. Dette er det største byggjeprosjektet på Haukeland sidan Sentralblokka stod ferdig i 1983. Arealet til det nye sjukehuset vil vere om lag 79 000 kvadratmeter når alt står ferdig. Her skal all behandling av barn og unge som skjer på Haukeland samlast. I tillegg skal føde- og barseleininga ved Kvinneklinikken samlast i same lokalet som eininga for nyfødde ved barneklinikken. I 2018 fekk

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av
Posten Norge

sjukehuset namnet Glasblokkene. Glasblokkene vil mellom anna innehalde sengepostar, poliklinikkrom, operasjonssalar, røntgenavdelingar, intensiveining og mottak, og vil gje eit komplett sjukehustilbod til målgruppene.

Byggjeprosjektet starta med trinn 1 i 2011, og hausten 2016 vart første byggjetrinn tatt i bruk. Styret i Helse Vest RHF godkjente forprosjektet for nytt barne- og ungdomssjukehus i Helse Bergen trinn 2 i styremøte 21.09.2015, sak 81/15. Det vart tildelt lånefinansiering til prosjektet over statsbudsjettet for 2014. Per 1. tertial 2023 vart det oppstart av prøvedrift.

Byggjetrinn 2 har no ei samla kostnadsramme på om lag 3 927 millionar. I 2022 er det nytta 411 millionar kroner, og hittil for prosjektet er det nytta 3 399 millionar kroner.

Oppgradering Sentralblokka, Helse Bergen

Prosjektet knytt til oppgradering av Sentralblokka på Haukeland består av ei rekkje oppgraderings- og vedlikehaldsprosjekt sett saman til ein samla pakke. Alle prosjekta i porteføljen er knytt til Sentralblokka. Styret i Helse Vest RHF godkjente prosjektet i styremøte 10.12.2015, sak 122/15. Prosjektet vart tildelt lån over statsbudsjettet for 2017. Oppgradering av Sentralblokka er eit omfattande og langsiktig prosjekt, der dei store prosjekta i hovudsak føresett at verksemd blir flytta ut, slik at byggjeprosjekta får tilgang til areala. Dette vil først og fremst bli ein realitet etter at Glasblokkene er tatt i bruk i løpet av 2023.

Den samla kostnadsramma er på totalt 500 millionar. I 2022 er det brukt 115 millionar kroner, og hittil for prosjektet er det brukt 379 millionar kroner.

Protonsenter i Bergen, Helse Bergen

I revidert statsbudsjett for 2018 vart det vedtatt å sikre finansiering slik at ein kan byggje protonsenter i både Bergen og Oslo. Senteret i Bergen skal byggast på Haukeland. Prosjektet er tildelt lån og tilskot over statsbudsjettet. Det vil seie at eigendelen på 30 prosent er fullfinansiert av staten. Arbeidet med å byggje, utstyre og bemanne protonsenteret er organisert i Program for protonterapi i Helse Bergen. Protonsenteret skal etter planen stå ferdig i 2025.

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 1 410 millionar kroner. I 2022 er det brukt 254 millionar kroner, og hittil for prosjektet er det brukt 593 millionar kroner.

Nye Førde sjukehus, Helse Førde

Helse Førde er i gang med eit ut- og ombyggingsprosjekt for Førde Sentralsjukehus, omtala som Nye Førde sjukehus. Utbyggingsprosjektet omfattar m.a. nytt bygg for psykisk helsevern (Dagabygget), nytt bygg for somatiske tenester (Livabygget) og ombygging av sentralblokka (Svanabygget) i fleire steg. Detaljplanlegging og bygging er planlagt gjennomført i tidsrommet 2019 – 2027. Styret i Helse Vest RHF godkjente forprosjektet i styremøte 11.12.2018, sak 136/18, og prosjektet vart tildelt lån over statsbudsjettet for 2017. Delprosjektet Dagabygget vart ferdigstilt i februar 2021, mens Livabygget og Svana 1 er planlagd ferdigstilt innan utgangen av 2024.

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 1 975 millionar. I 2022 er det brukt 340 millionar kroner, og hittil for prosjektet er det brukt 1 046 millionar kroner.

Finansiell stilling

Eigenkapitalen til føretaksgruppa var per 31. desember 2022 på 18 740 millionar kroner og utgjorde 46,3 prosent av totalkapitalen. Tilsvarande tal i 2021 var 18 324 millionar kroner og 49,1 prosent.

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av

Posten Norge

Styret vurderer eigenkapitalsituasjonen i føretaket per 31. desember 2022 som tilfredsstillande. Helse Vest har eit godt fundament for vidare drift. Føretaksgruppa hadde ein likviditetsreserve på kroner 6 948 millionar kroner ved utgangen av 2022 derav unytta driftskreditt utgjer 2 807 millionar kroner.

Det er tatt opp nye lån til investeringar i 2022 med 2 553 millionar kroner inklusiv kapitaliserte renter på opptrekkslån. Ved utgangen av året utgjer langsiktige lån frå Helse- og omsorgsdepartementet 13 070 millionar kroner. Av dette er 9 656 millionar kroner lån under opptrekk/byggjelån.

Dei første låna har ei nedbetalingstid på 20 år, medan lån konvertert etter 1.1.14 har ei nedbetalingstid på 25 eller 35 år. Av låna som er konverterte har 16 av 17 lån rentebinding på 3, 5 eller 10 år. Renta er bunde på forskjellige tidspunkt og til ulik rentesats. Rentesatsen på låna ligg mellom 0,61 – 3,37 prosent. Lån under opptrekk har flytande rente. I 2022 var den flytande renta for driftskreditten og byggjelån tildelt før 2018 på 0,96 prosent første halvår og 1,59 prosent andre halvår. Byggjelån som er tildelt etter 2018 hadde i 2022 ei flytande rente på 0,98 prosent første halvår og 1,47 prosent andre halvår. Inntil låna er konverterte, blir renta lagt til lånesaldo. Arbeidskapitalen i konsernet er negativ med 505 millionar kroner, dette inneber ein reduksjon på 1 594 millionar kroner i løpet av året.

Investering i dotterføretaka er i morselskapet bokført etter kostmetoden. Ettersom dei fleste helseføretaka i perioden 2002 - 2015 i periodar har gått med underskot, og det var uvisst om helseføretaka i framtida ville gå med overskot som ville byggje opp eigenkapitalen tilsvarande, er Helse Vest RHF si investering i dotterføretaka skriven ned like mykje som eigenkapitalen i dotterføretaka er redusert.

Ved seinare overskot er nedskrivinga reversert. Nedskrivinga/reverseringa har ingen konsekvens for rekneskapen for føretaksgruppa, då ho blir eliminert. Helseføretaka er konsoliderte inn i konsernrekneskapen og over-/underskota i desse føretaka er innarbeidd i resultatet for føretaksgruppa. Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS har gått med overskot dei fleste åra slik at eigenkapitalen i desse selskapa er høgare enn innskoten kapital. Det har difor ikkje vore nødvendig å skrive ned investeringa i desse selskapa. Helse Vest IKT har godskrive dei andre føretaka for det meste av overskota dei har hatt.

Felleskontrollert og tilknytt verksemd er rekneskapsførte etter eigenkapitalmetoden, dvs. at eigardelane i desse verksemdene blir vurderte til Helse Vest sin del av eigenkapitalen i føretaka og tilsvarande del av resultatet i disse verksemdene blir resultatført i rekneskapen til Helse Vest.

Kontantstraumane i regionen

Kontantstraumoppstillinga viser at likviditeten i føretaksgruppa er redusera med 1 489 millionar kroner i 2022. Av dette utgjer netto kontantstraum frå ordinær aktivitet 1 317 millionar kroner, bruk av kontantstraum til investeringsaktivitetar 5 402 millionar kroner og tilført kontantstraum frå finansieringsaktivitetar 2 597 millionar kroner.

Forskjellen mellom kontantstraum frå drifta på 1 316 millionar kroner og årsresultatet på 416 millionar kroner gjeld fyrst og fremst ordinære avskrivingar på 1 429 millionar. Auka kapitalbinding i varelager og krav på til saman 32 millionar, minkar kontantstraumen frå operasjonelle aktivitetar, mens auke i kortsiktig gjeld på 137 millionar kroner har tilsvarande positiv effekt på kontantstraumen. Pensjons inn- og utbetalingar er 564 millionar høgare enn regnskapsførte

Dokumentet er signert digitalt av:

- TORD ANTON HAALAND (20076933317), 23.05.2023
- SOLFRID BORGE (10055945069), 15.05.2023
- OLIN JOHANNE HENDEN (17127245444), 12.05.2023
- LINDA KARIN GANGSTØE (22016628488), 16.05.2023
- GUNNAR BERGE (29084044332), 17.05.2023
- GEIR ARNE SUNDE (22046741335), 16.05.2023
- WENCHE KRISTIN RØKENES (07026234640), 15.05.2023
- ANNE KARIN HAMRE (15086540425), 11.05.2023
- AGNES LANDSTAD (25076236251), 12.05.2023
- ODDVAR MARTIN KAARBØE (16056925329), 12.05.2023

Forseglet av
Posten Norge

pensjonskostnader inneverande år og reduserer kontantstraumen frå operasjonelle aktivitetar. Likedan gjer inntektsføring av tidlegare mottatte investeringstilskot på 77 millionar, då det har resultateffekt inneverande år, men utbetalinga har funnet stad tidlegare år.

Føretaksgruppa har i 2022 nytta 573 millionar kroner av innestående premiefond i KLP til å finansiere årets pensjonspremiar. Tilsvarande tall i 2021 var 379 millionar. Pensjonsforpliktingane har auka frå 114 millionar kroner per 31.12.21 til 129 millionar kroner per 31.12.22. Pensjonsmidlane har auka frå 2 071 millionar kroner per 31.12.21 til 2 650 millionar kroner per 31.12.22.

Føretaksgruppa har investert for 5 319 millionar kroner i varige driftsmidlar i 2022 mot tilsvarande 5 628 millionar kroner i 2021. Til samanlikning utgjorde ordinære avskrivingar 1 429 millionar kroner i 2022 og 1 301 millionar kroner i 2021. Årets innbetaling av eigenkapitaltilskot til KLP utgjorde 87 millionar kroner.

Innbetaling ved opptak av langsiktig lån utgjorde 2 553 millionar kroner i 2022 mot 3 406 millionar kroner i 2021. Innvilga kredittramme er i same perioden auka frå 2 164 millionar kroner til 2 809 millionar kroner. Ved utgangen av 2022 hadde føretaksgruppa nytta 2 millionar kroner av kreditramma.

Risiko for tap

Det meste av inntektene kjem frå offentleg verksemd og risikoen for tap er låg. Når det gjeld andre inntekter, er dei i stor grad retta mot private, noko som gir ein høgare risiko. Beløp fakturert til den enkelte er lågt og det reduserer risikoen for vesentlege tap. Det er likevel avsett for påreknelig tap på kundefordringar med 53 millionar kroner i 2022. Tilsvarande tal i 2021 var 52 millionar kroner.

Helse Vest har avtaler om prissikring av el-kraft for å sikre meir føreseielege kostnader på området.

Pensjon

Føretaksgruppa har ytingsbasert tenestepensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) , Statens pensjonskasse (SPK) og Pensjonsordning for apotekvirksomhet (POA). Desse pensjonsordningane tilfredsstiller krava i lov om offentleg tenestepensjon.

Tariffesta tenestepensjon for dei tilsette er sikra i kollektive pensjonsordningar. Dette gjeld alders-, uføre -, etterlatne-, tidleg-pensjon, AFP og vilkårsbunden tenestepensjon. Årskulla født før 1963 er sikra tidleg pensjon og AFP 62-67 år. Årskulla født frå 1963 er sikra vilkårsbunden tenestepensjon eller livsvarig AFP. Når regelverket krev det samordnast pensjonane med utbetalinga frå folketrygda.

